



Ordninga støttar opp om den gode og allsidige aktiviteten i idrettslaget, her representert ved treningsvillige skiungdommar(Foto: K. Bråtun)

For første gong, etter at grasrotordninga til Norsk Tipping vart innført i 2009, har laga her i bygda blitt tilført over 100.000 kr frå ordninga på eit år. Resultatet for 2013 stoppa på 103.041 kr, og det er ein flott auke på ca. 11.500 kr frå i fjor. I år har 262 spelarar bidrege til lagsaktiviteten, og det er ein fin auke på 10 frå 2012.

Det er laga som har gode aktivitetstilbod for barn som får mest frå ordninga. Naturleg nok får idrettslaget mest med 54.371,91 kr frå 111 støttespelarar. Eit solid tilskot til lagsdrifta får og skulemusikken som dette året har innkassert 23.862,46 kr der 77 spelarar har bidrege. Begge desse laga har ein flott auke med henholdsvis ca. 7.600 kr og ca. 2.800 kr. Fin auke har og dei fleste av dei andre laga.

- Helselaget, 8.044,05 kr (31 støttespelarar) mot 9.402,26 kr (30) i 2012.
- Idrettslaget, 54.371,91 kr (111) mot 46.746,32 kr (110) i 2012.
- Skulemusikken, 23.862,46 kr (77) mot 21.078,78 (74) i 2012.
- Ungdomslaget, 4.689,50 kr (17) mot 4.658,95 kr (14) i 2012.
- Røysterett for alle, 11.873,93 kr (24) mot 9.637,64 kr (24) i 2012.
- Uskedal Utvikling vart registrert i sommar, har 2 støttespelarar og har til no motteke 202 kr i grasrotmidlar.



Støtta kjem og godt med i den framgangsrike skulemusikken som her er fotografert under julekonserten nyleg.(Foto: O. M. Mathisen)
Desse midlane er svært kjærkomne til drifta av lagsaktiviteten i bygda. Derfor er det gledeleg at 10 nye støttespelarar er registrert siste året. Skulle det framleis vere nokon som spelar på Norsk Tipping og ikkje har meldt seg på grasrotordninga, er det berre å seie frå neste gong ein spelar. Det kostar ingen ting.

Av: Thor Inge Døssland.